


HELSING FRÅ KYRKJA

KYRKJELYDSBLAD FOR VIK



ÅRGANG 75

NR. 02 AUGUST 2022



Hove kyrkje (Foto: KHBM)

Velkomen heim, María frá Hove!

ORD TIL ETTERTANKE

Omsider blir det sommar!

«Han lèt meg liggja i grøne enger,
han fører meg til vatn der eg finn
kvile.»

Salme 23, v. 2

I snart to år har eg vore prest, men det er fyrst no eg byrjar å kjenne alt kva denne tenesta inneheld. Den er innhaldsrik, meningsfull og mangfaldig. Det gjer det spennande å vere prest!

I år kjenner eg at sommarferien er kjærkommen. Vinteren og våren har opplevast travel, særleg etter at koronarestriksjonane forsvann og aktivitetar har starta opp igjen. Ferietid blir for meg tid til å kvile.

For det er nettopp kvile eg tenkjer på når eg lesar verset frå Salme 23 i Det gamle testamentet. Eg ser for meg ei stor blomstereng – frodig og fargerik. Eg ser for meg klårt vatn – gjerne som ein frisk og sildrande bekk. Stadar å ta ein rast, ein pause. Hente kreftar til å fortsetta ferda.

Då kan eg kjenne både på eiga overflod og på Guds omsorg. For Han er med meg i tenesta mi – som er både travel og utruleg fin, og ser at eg òg treng kvile, ein pause og litt påfyll. Det gir sommar og ferie meg.

I innspurten før ferie har vi lagt nokre planar for hausten, som gjer at det òg vert fint å venda tilbake i tenesta når kalenderen viser augustmånad. Nye konfirmentar har fått invitasjon. Vi skal feira skulestart med 6-åringane. Hausttakkefest med 4-åringane. Og denne strikkande presten gler seg til strikkegudsteneste i haustmørket.

Først er det sommar og ferietid. Tid



for å hente krefter til alt det fine som ventar oss til hausten.

Eg har ei sommarsalme eg er så glad i, mellom anna fordi vi song den då eg og Rasmus gifta oss for fire år sidan. Særleg fyste verset gir meg sommarstemning, og det vil eg avslutta med, for «omsider blir det sommar!»:

«Så grønn en drakt, så rik en duft har
smykket dal og enger!

Nå strykes ømt av lys og luft de fagre
urtesenger.

Hør lundens sus og bekkens brus

forkynne hva som kommer:

Omsider blir det sommer!»

NoS 845 T: Carl David av Wirsén 1889,

O: Øystein Thelle 1995

Karen Helene Bøhn Melhus
sokneprest

MADONNA-HELGA

«Velkommen heim, Maria frå Hove»

- Vart sett opp i Hove kyrkje litt før 1250
- Vart flytt til Universitetsmuseet i Bergen ca. 1840
- Kari Wiken Sunde tok initiativ for om lag 30 år sidan til å få laga ein kopi av Hovemadonnaen.
- Komiteen vart oppretta for omlag 20 år sidan og er no ein del av Fortidsminneforeninga i Sogn og Fjordane
- Gjenskaping i perioden 2017–2020
- Eiga utstilling ved Universitetsmuseet i Bergen under pandemien
- Arrangementskomité vart oppretta i 2020
- Overlevering til Hove kyrkje 20. mai 2022

20. mai: Heildagsseminar på Blix hotell

Framfor seminaret var det offisiell opning ved ordføraren, som i talen sin ba oss tenkja oss at vi sat i Hove kyrkje, for det var der han hadde tenkt seg at han var då han arbeidde med oppdraget. I Sommar-avisa seier han: «Mange har stått på for å få dette til, både eldsjeler og rause gjevarar. Ei stor takk til desse.»

Til seminaret var det kalla inn til førelesarar som ga oss ei brei innføring i historie, konservering og tilverking, så vi var godt førebudde til overleveringa.

**In memoriam*

Johan Tørris Fleischer (1994–2020), medskapar av Hovemadonnaen.

Den unge gode treskjeraren døydde i ei bilulukke kort etter at han var ferdig med sitt Madonna-arbeid, og Alf Tore Hommedal minna han under seminaret og ba oss ha han i tankane under overleveringa i kyrkja. Foreldra hans var inviterte til desse dagane, og hadde med fleire frå storfamilien.

Overleveringsseremoni og to konsertar

Ved den høgtidlege overleveringa deltok Trude Knutzen Knagenhjelm, no styreleiar i Fortidsminneforeninga sentralt, Malen Røysum, styreleiar i Sogn og Fjordane, Ottar Wiik, leiar i Sogn lokallag. Musikken sytte Anders Vassli med songarven Sivert Almås Jullumstrø frå

Trondheim, «Gygrene» med Kari Malmanger frå Sogndal og hardingfelespelar Mathilde Skjæret frå Jostedal. Vi treng ikkje gå langt etter musikarar som kan løfta ei høgtid endå litt til.

Takk til komiteane som har vore i sving i mange år. Vik sokneråd har alt hatt fleire arrangement i kyrkja etter at Hovemadonnaen kom heim. Og takk til – sitert frå programmet – «Ragnar Hove, bonde på Hove, no pensjonist, med livslang omsorg for Hovekyrkja.»

Tekst: SN



Kari Malmanger, Sivert Almås Jullumstrø og Gygrene
(foto: Trond Rødsmoen/fortidsminneforeningen.no)



Eks-komiteen for «Hovemadonnaen» pustar nok letta ut for at ho endeleg er på plass igjen i Hove kyrkje – vi ser her frå v. Anne Grethe Tveit, Kari Wiken Sunde, Ragne Birte Lund, Olav Martin Hove. Bak Alf Tore Hommedal
(foto: Trond Rødsmoen/fortidsminneforeningen.no)

21. mai: Hove steinkyrkje open – Lokalhistorisk kafè på Blix hotell

Det var fullsett sal på Blix denne dagen. Arrangøren hadde invitert Anna Elisa Tryti til å kåsere om temaet «Kyrkjer og religiøst liv då Maria frå Hove møtte Vikjane for om lag 800 år sidan». Anna Elisa Tryti er historikar og prosjektleiar ved Vestland fylkeskommune. Tryti er svært kunnskapsrik og fomidla med iver og engasjement! Mykje ny kunnskap og god oppfrisking

Tekst: MJA



21. mai:

Mariakonsert i Hove kyrkje

Både i musikkverk, salmar og viser har Maria fått sin plass. Det var derfor naturleg at ein heil konsert vart via Maria i Hove kyrkje Laurdag 21. mai under Madonnahelga i Vik.

Medverkande i konserten var kvinnekoret Schola Solensis (gregoriansk song) Berit Opheim (song), Birgitta Elise Oftestad (cello) og Anders Vassli Brekke (orgel). Gjennom gregoriansk song, folketonar, cello- og orgelspel fekk vi lytte til song og musikk knytta til Maria. Høgdepunktet i konserten var likevel då alle musikarar og songarar i samspel framførte tingsverket «*Maria Møy. Himmelsk dronning og jordnær mor*» av komponisten Ørjan Matre. Komponisten hadde tek i bruk eit a-tonalt tonespråk som likevel var svært virkningsfylt og greip oss som tilhøyrarar. Komponist, musikarar og songarar fekk også velfortent ståande applaus etter framføringa.

av både lokal historie, nasjonal og internasjonale historie. Kyrkjene i Vik står i ein sterk tradisjon, og me kan vera takksam for at Blix kjøpte, redda og restaurerte Hove Kyrkje. Likeeins må me no vera takksame for eldsjeler som har sytt for at Mariamadonnaen no er komen heim igjen! Takk til Anna Elisa Tryti for eit interessant kåseri!


Tekst: OAH, foto: Ragna Sofie Grung



Frå v.: Olav Martin Hove, Karen Melhus, Geir Paulsen (foto: Ragna Sofie Grung)



Kyrkjekaffi ute (foto: MJA)



Dora David (foto: Lars Hansen)

22. mai:

Festgudsteneste – «Til Guds ære!»

Som ein del av feiringa av Hove-madonnaens heimkomst holdt kyrkja økumenisk festgudsteneste i Hove steinkyrkje på søndagen. Her medverka prost Geir Paulsen og prest Olav Martin Hove saman med sokneprest Karen H.B. Melhus. Kyrkjemusikar Dora David spelte orgel og tverrfløyte. Gudstenesta vart løfta av songgruppe leia av Geir Hydle som song «*Marias lovsong*».

Evangeliet for søndagen var «Bryllupet i Kana» (Joh 2, 1-11), kor Maria er ein «igangsetter» for Jesu første under der han gjer vatn om til vin. Dette vart knytt saman med historia og tradisjonen som høyrer til Hovemadonnaen, òg framtida den attskapte madonnaen skal ha i kyrkja på Hove. Etter gudstenesta hadde soknerådet i Vik stelt i stand kyrkjekaffi på kyrkjebakken.

Tekst: KHBM



Lova Lova Line

Dette var ein flott avslutning av Madonnahelga søndag 22.mai. På konserten fekk vi høyre flott folke-musikk med song av Mari Askvik, Kari Malmanger (også indisk harmonium) og Kjersti Morland. Effektfullt var det at dei

brukte våpenhus, prosesjon, skip og kor, medan dei song. Folkemusikken vart bunde saman av Maria-legendar fortalt av Kjersti Morland. Ingrid Askvik hadde regien. Ottar Wiik takka til slutt for den fine konsertopplevinga.

foto: KJH



20–22. mai:

Dåpskjoleutstilling i Vik kyrkje

Vik kyrkje vart smykka med dåps-kjolar av ny og gamal dato. Vik Husflidslag hadde laga ei nydeleg utstilling.

Kvar kjole med tilbehør hadde fått si forklaring; kvar kjolen høyrde til, korleis den var laga, alder og kor mange born som hadde brukt denne. Handverkskunst og slektshistorie kom fram.

Å vandre rundt i Vik kyrkje på denne utstillinga vart ei vandring i undring over liv og livsløp. Dåpen har stått i ein sterk tradisjon; mykje arbeid og flid var lagt ned i kvart plagg for at det vesle barn skulle få ein verdig dåp!

Tekst: MJA

Foto: KJH



Konfirmanthelg, fasteaksjon og samtalegudsteneste



Helga 1.–3.april hadde konfirmantane Bo heime – leir. Det var fine samlingar med konfirmantane og vi er takksame til alle foreldre som hjelppte til.

Laurdag 2.april arrangerte vi «Fasteaksjonsløp». Konfirmantane hadde skaffa seg sponsorar; somme pr. runde dei sprang og andre eit fastbeløp for heile løpet som varte 30 min. Bana gjekk utanfor kyrkjemuren, opp til Kyrkjestova og over parkerings-plassen. Dette løpet gav kr. 9693.- i inntekt til Kirkens Nødhjelp.

Elles hadde vi bøsseinnsamling frå dør-til-dør, søndag 3. april – tysdag 5.april med hjelp av sokneråd, konfirmantar og foreldre. Det vart dessverre eit par roder vi ikkje hadde folk til å gå. Håper at de som ikkje fekk besøk på døra, har fått gjeve den gåva de ynskjer med Vipps eller direkte på konto. Kirkens Nødhjelp forsikrar oss om at vi kan vere trygge på at alle midlar kjem fram og blir til nytte.

Ekstra viktig vart innsamlinga i år med krigen i Ukraina og no seinare også jordskjelvet i Afghanistan. Det er også store behov for hjelp fleire stader i verda, for eksempel i Somalia. Reint vatn er heilt nødvendig i krig og tørke og naturkatastrofer.

Hjarteleg takk til alle som har støtta FASTEAKSJONEN. Det tek litt tid før vi har fått registrert innbetalingane – til no kr 59.506.- for alle sokna i Vik.

Takk til foreldre som også deltok med registrering og ikkje minst konfirmantfaren som sprang 20 rundar!

Søndag 3.april hadde vi Samtalegudsteneste for alle konfirmantane i Vik kyrkje. Konfirmantane deltok med song, dramatisering av «Såmannslikninga» og forbøn. Det var ei fin gudsteneste å få vere med på.

Tekst og foto: KHJ

Konfirmasjon 2022



foto: Jarle Christensen

Vik kyrkje 7. mai: Framme frå venstre: Thea Tenold, Mia Valsvik Kinden, Målfrid Brudevoll, Maria Tenold Hopperstad, Anna Drægri. 2.rekke frå v.: Sokneprest Karen Helene Bøhn Melhus, Olav Helgesen, Anders Voll, Adrian Sjøthun. Bak frå v.: Oskar Fosse, Sander Christensen, Eirik Følid Berglund.



foto: Ole Jørgen Øygarden

Vangsnes kyrkje 14.mai: Framme frå v: Andrea Heimdal Aase, sokneprest Karen Helene Bøhn Melhus, Daniel Gjerde Haugshagen. Bak frå v.: Alexander Hanekam Kvalvik, Jon Arve Holen, Idar Sætre Samland.



foto: Åse Skjerdal Grindedal

Feios kyrkje 26. mai: Bjørn Kristian Grindedal og sokneprest Karen Helene Bøhn Melhus



foto: Terje Pettersen

Vik kyrkje 28. mai: Framme frå venstre: Sofie Tenold, Eirin Nesse Balevik, sokneprest Karen Helene Bøhn Melhus. 2.rekke frå v.: Annika Celin Kjølven Hove, Marita Berdal, Maria Estrella Perolino Brekke. Bak frå v.: Sondre Myrkaskog Holen, Trygve Mykkeltvedt Ramberg, Martin Myrkaskog Holen.



foto: Per Olav Geithus

Arnafjord kyrkje 28. mai: Sokneprest Karen Helene Bøhn Melhus og Matas Kasiuba

Forskrifter om nye vedtekter for gravplassane i Vik kommune

Forvaltning av gravplassane i Vik kommune er Vik kyrkjelege fellesråd sitt ansvar; fellesrådet er difor gravplassmyndigheita i kommunen. Me har sju gravplassar å halde i hevd og det kan vera gravlegging på desse: Fresvik, Feios nye og gamle gravplass, Vangsnes, Vik, Hopperstad og Arnafjord.

Forvaltning av ein gravplass er regulert i lover og forskrifter (Gravplasslova av 7. juni 1996 og gravplassforskrifta av 10. januar 1997). No har Vik kyrkjelege fellesråd vedteke, og fått godkjent av Statsforvaltaren eigen forskrift som er å sjå på som lokale vedtekter. Vedtektene er i stor grad presisering av tidlegare vedtekter og god praksis.

Det er særskilt to høve som er viktig å merke seg i den nye forskrifta. Det eine er reglane rundt det å feste ei grav. Ved gravlegging kan ein reservere ei grav ved sida av eller der ein ynskjer. Ein inngår då ein avtale om feste som er den einaste måten å reservere grav på. Den gravlagde har rett på fri grav i 30 år, og etter det kan pårørande feste grava ytterlegare i 30 år. Vil ein feste utover dette, må det søkjast om særskilt. Vik kyrkjeleg fellesråd arbeider no med oppdatering av karta på alle gravplassane våre. Me arbeider også med betre oversikt over alle som festar graver i dag og som ynskjer å feste vidare, eller inngå nye avtalar. I fylgje den nye forskrifta kan ein feste ei grav for 5 år om gongen (tidlegare 10 år). Festeavgifta er kr 300 per år (vedteke i kommunestyret i 2021). I tråd med nye vedtekter og dei opplysningar me har om festarar i dag, vil me den næraste tida sende ut tilbod om vidare feste frå 2022.

I den nye forskrifta er det også viktig å merke seg ansvarstilhøve mellom gravplassmyndigheita og festar, altså den som disponerer og rår over ein gravstad. Festar av ei grav/ein grav-stad er ansvarleg for eventuell pynting innanfor gitte rammer og for sjølve gravminnet og vedlikehald av dette. Gravplassmyndigheita er ansvarleg for alt utanom den einskilde grava. Det er viktig med godt samarbeid mellom oss



for at gravplassen skal vera ein verdig stad der me kan minnst våre kjære. Vik kyrkjelege fellesråd ynskjer å leggja til rette for finklypping av plen, god avfalls-handtering, gode rutinar ved gravlegging og for vanleg stell av gravene.

Me ser det kan vera ei utfordring å sikre god avfallssortering. Det er viktig å merke seg at det er kun avfall som kan brytast ned til jord som skal kastast i kompost-bingen (til dømes mange kransar inneheld eller er surra med plasttråd og skal difor i restavfallet). Me ser også at det er kome nye typar lyfter og dekor som inneheld batteri og elektronikk. Ansvarlege for grava må ta slikt avfall med seg heim og levera på eigna stad.

Det kan også vere vanskeleg å redusere plantinga til avgrensa område. I nye vedtekter står det: *Framfor gravminnet er det høve til å opparbeide eit plantefelt i høgde med bakken rundt. Det må ikkje vere breiare enn breidda på gravminnet, men kan i alle høve vere opp til 60 cm breitt. Det kan ikkje stikke lenger fram enn 60 cm, målt frå bakkant av gravminnet. Det kan ikkje plantast vokstrar som er høgare enn gravminnet eller går ut over plantefeltet. Ved eventuell innramming av plantefelt skal overkant på innramminga, uansett materiale, flukta med bakkenivå.*

Vik kyrkjeleg fellesråd 15.6.22
Marit J. Andersen
kyrkjeveerje



DEN NORSKE KYRKJA

Vik kyrkjelege fellesråd

Postboks 134,
6891 Vik i Sogn
Tlf. 479 77 806

Sakshandsamar: MJA

FORSKRIFT OM VEDTEKTER FOR GRAVPLASSANE I VIK KOMMUNE, VESTLAND

Jf. lov av 7. juni 1996 nr. 32 om gravplassar, kremasjon og gravferd (gravplasslova) § 21 (1), § 8 (1) og § 14 (1) og forskrift til lov om gravplassar, kremasjon og gravferd av 10. januar 1997 nr. 16 (gravplassforskrifta), jf. gravplasslova § 14 (1) og § 21 (1).

Vedteke i Vik kyrkjeleg fellesråd den 18.5.22. Godkjent av Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark 13.6.2022.

§ 1 FORVALTNING

Gravplassmyndigheita i Vik kommune er Vik kyrkjelege fellesråd.

§ 2 GRAVPLASSTILKNYTING

Personar som ved dødsfall hadde bustad i kommunen har rett på fri grav på gravplass i kommunen. Gravplassmyndigheita kan gje løyve til at også personar utan bustad i kommunen kan gravleggjast i kommunen, men det vert då kravd dekning av kostnader ved gravferda; jfr. Gravplasslova §6 andre ledd. Det vert også krevd avgift som ved feste av grav. Etterlatne kan søkja om fritak til Vik kyrkjelege fellesråd.

§ 3 FREDINGSTID

For alle gravplassar i Vik kommune gjeld ei fredingstid på 30 år for kister og 20 år for urner.

§ 4 FESTE AV GRAV

Med heimel i gravplasslova kan gravplassmyndigheita krevja inn avgift for feste av grav.

Festetida for ei grav er for 5 år om gongen.

Når kistegrav vert teke i bruk, er det høve til å feste ei grav ved sida av, og etter godkjenning frå gravplassmyndigheita for ei ekstra grav i tillegg når det er bruk for det. Desse gravene utgjør då ein gravstad. Når det er gått 60 år etter den siste gravlegginga på ein gravstad, kan festet ikkje fornyast utan særskilt løyve frå gravplassmyndigheita.

Ved bruk av urnegrav kan ein ikkje feste grav ved sida av.

Når fredingstida/festetida er ute, kan grava festast vidare ved å betale tilsendt tilbod om festeavgift. Festeavgifta vert vedteken av Vik kommune.

I rimelig tid før fredingstid eller festetid går ut, skal festaren varslast om dette. Dersom festet ikkje er fornya innan seks månader etter at festetida er ute, fell gravstaden attende til gravplassen til disposisjon for gravplassmyndigheita.

Ingen kan gravleggjast i festa grav utan samtykke frå festaren. Dersom festaren sitt samtykke ikkje kan innhentast, kan gravplassmyndigheita avgjere spørsmålet om gravlegging. Festaren pliktar melde frå om endring av adresse.

Når ei festa grav vert teken i bruk, vert det ikkje krav om ny festeavgift i fredingstida utover den gjeldande festeavtale.

§ 5 GRAV OG GRAVMINNE

Ved opning av grav kan jord leggjast på graver som ligg omkring og gravutstyr midlertidig flyttast. Gravplassmyndigheita vil syte for planering og tilsåing av grava etter gravlegging.

I tida før gravminne kjem opp kan grava vere merka med eit midlertidig symbol med namn på den gravlagde, t.d. ein trekross med namn på den gravlagde.

Gravminne skal ikkje setjast opp tidlegare enn 6 månader etter gravlegging. Gravminna skal plasserast slik at bakkant av gravminna står på rett linje, sett frå rekkemerker på gravfeltet.

På ny, festa gravstad vert gravminnet plassert på den grava som er teken i bruk. Om festar ynskjer det kan gravminnet sentrerast mellom gravene etter at grav nr. 2 er teken i bruk, og ber då kostanden med dette.

Festar, eller ansvarleg for fri grav, er ansvarleg for eventuelle pyntegjenstandar som er montert på gravminnet eller plassert i plantefeltet framfor gravminnet.

Gravplassmyndigheita er ikkje ansvarleg for for skade på graver eller dekorgjenstandar med mindre skaden skjer på grunn av manglande aktsemd frå betjening på gravplassen.

§ 6 PLANTEFELT

Framfor gravminnet er det høve til å opparbeide eit plantefelt i høgd med bakken rundt. Det må ikkje vere breiare enn breidda på gravminnet, men kan i alle høve vere opp til 60 cm. breitt. Det kan ikkje stikke lenger fram enn 60 cm, målt frå bakkant av gravminnet. Det kan ikkje plantast vokstrar som er høgare enn gravminnet eller går ut over plantefeltet.

Ved eventuell innramming av plantefelt skal overkant på innramminga, uansett materiale, flukta med bakkenivå. Innramminga skal ikkje vera fast i fundamentet for gravminnet.

Dekorgjenstandar skal vere av ein kvalitet som toler tilhøva på gravplassen. Lause dekorgjenstandar, som t.d. gravlys eller lamper, skal fjernast etter bruk. Av omsyn til brannfare er det ikkje høve å pynte grava med faklar. Lys med open eld skal stå i gravlykter som er festa i bakken eller på gravminnet.

Dersom ein ikkje ynskjer å opparbeide plantefelt, kan det vere grasbakke på alle sider av gravminnet, eller plantefeltet kan dekkast med ei steinhelle som fluktar med terrenget.

§ 7 PLANTEMATERIALE

Avfall frå pynting og stell av graver skal sorterast i restavfall eller kompost. Spesialavfall som t.d. elektronikk må takast med til eigna mottak.

§ 8 STELL AV GRAV

Festar eller ansvarleg for fri grav pliktar å halde gravminne og evt plantefelt i forsvarleg stand jfr lov og forskrift.

Plantefelt som over tid ikkje vert stelte, skal ryddast og tilsåast med plenfrø av den ansvarlege eller av gravplassmyndigheita.

§ 9 BÅREROM

Gravplassmyndigheita disponerer bårerom. Slike rom skal berre nyttast til å ta vare på avlidne i tida fram til gravferda. Ingen har tilgjenge utan etter løyve frå gravplassmyndigheita. Framsyning av den døde kan berre gjerast etter samtykke frå den som syter for gravferda.

§ 10 NÆRINGSVERKSEMD

Næringsdrivande som ynskjer å drive verksemd på gravplassen skal ha løyve frå gravplassmyndigheita. Løyve kan tilbakekallast dersom vedkomande ikkje rettar seg etter dei reglane som gjeld. Slik verksemd kan berre omfatte montering og vedlikehald av gravminne, og planting og stell av graver. Montering av godkjent gravminne kan skje på tilvist plass når jordmassane har sett seg etter oppgraving, og ikkje tidlegare enn seks månader etter gravlegging.

§11 IKRAFTSETJING OG OPPHEVING AV ELDRE VEDTEKTER


Denne forskrifta om gravplassvedtekter trer i kraft 01.07.2022. Frå same tid vert «vedtektene for kyrkjegardane i Ytre Sogn prost» vedteke i Vik kyrkjeleg fellesråd 24.10.2007 oppheva.



BARNAS

Labyrint

Hjelp Kaptein Klo å finne skatten!



Finn fem feil!

Her fortel Jesus ein historie til folket. Dei to bileta er nesten like. Finn du dei fem feila på biletet til høgre?

Teikning: Asbjørn Tønnesen



Vits

– Kor kjem dei våte fotspora på teppet frå?
– Eg veit ikkje. Dei har følgd etter meg heilt sidan eg hoppa i den sølepytten.


Gje barnebladet Barnas til eit barn du er glad i!

Desse oppgåvene er henta frå bladet.

Bestill abonnement på sondagsskolen.no eller 22 08 71 00



Prikk til prikk



GLIMT FRÅ TRUSOPPLÆRINGA



Vik kvardagsskule: Born frå Vik kvardagsskule viser fram påskepynt dei har laga.



I Feios kyrkje hadde vi samling for 3-åringane i Fresvik, Feios og Vangsnes 31.mai. Fint å ha med ei storesyster også.



3 års fase: Borna frå Arnafjord og Vik fekk bok og kosedyret «Krølle» i Vik kyrkje 1.juni.

(Foto: KJH)



Stor gjevarglede!

Det er mange som har vist at dei vil støtte drifta av Kyrkjestova. Til no har vi fått innbetaling frå 16. Av desse har 5 gjeve heile årsbeløpet samla. Mange har også bunde seg til å betale meir enn 100 kr månaden. Dette vil gje ei samla årleg inntekt på kr. 23500,-. Saman med gáva frå Vik helselag, har det så langt i år komme inn gáver på til saman kr. 33350,-.

Tusen takk til alle gjevarar!

Hjarteleg takk til Vik helselag!

Vik helselag har gjeve ei stor gáve på kr. 25000,- til Kyrkjestova. Takk for at de på den måten vil støtte drifta av huset og på den måten også barne- og ungdomsarbeidet i kyrkjelyden!

Olav Martin Hove
leiar i styret

Vi vil få takka for all hjelp og pengestøtte som gjorde basaren den 23. april til ein vellukka laurdagsettermiddag.

Hjarteleg takk for kjøp av loddar, takk til Marit og Brita for kjempegod mat, takk til Agnes for god leiing, takk for fine gevinstar. **Hjarteleg takk!**

Vik Helselag v/ styret

Meldingar:



Sommarvikar for presten

I veke 28-31 har soknepresten sommarferie. Det er liv i kyrkja likevel, for i dei vekene skal **Nora Baartvedt** (27) vera prestevikar. Nora kjem frå Voss og studerer til å bli prest ved VID Stavanger (tidl. Misjonshøgskulen). Ho er litt over halvvegs i studiet omtrent, då emnar og anna har blitt flytta litt rundt på. Nora sit i bispedømerådet i Bjørgvin og har gjort det sidan 2016. Elles likar ho å sjå på fotball og hockey.

Nora har vore i presteteneste i Sogn prosti tidlegare. Ho var sommarvikar 2 månadar i Aurland i fjor, og har hatt fleire vikartenester der i året som har gått. Og ho skal ha vikarteneste andre stadar i prostiet i sommar òg.

Vik er heller ikkje heilt ukjend for Nora. Ho har eit søskenbarn som bur i Vik og er veninne av Karen og Rasmus, og fadder til Lilly Margrethe, så turen over Vikjafjellet er kjend for ho.

I Vik vil ho ha ei variert teneste. Ho skal halde gudstenester, andaktar på sjukeheimen og vil gjere teneste ved eventuelle gravferder dei vekene ho har teneste hos oss. Ta vel imot Nora når de møter ho i dei ulike tenestene!

SVEASTEMNE

Det er ei stor glede å invitere til Sveastemne 28.august kl.11.00. Gudstenesta er ved Karen Malhus. Elles vonar vi på mykje fin song og musikk ved Strengemusikken, Frelsesarmeen. Soknerådet syter for kyrkjekaffi. Velkomen til stemne frå heile Vik!

50 års konfirmantar & konfirmantar

I 2020 og 2021 fekk vi ikkje samla 50-årskonfirmantane. No har vi heldigvis fått invitert 1957-kullet frå Arnafjord, Vangsnes og Vik til samling 10. og 11. september. På gudstenesta i Vik kyrkje 11. september kl. 11.00 vil jubilantane vere til stade.

Dei nye konfirmantane i Vik sokn blir også presenterte for kyrkjelyden denne dagen. Etterpå blir det kyrkjekaffi i Kyrkjestova.

Konfirmantane på Vangsnes blir presenterte 18. september i Vangsnes kyrkje. I Feios er det oppsett presentasjon 25. september.

TRUSOPPLÆRINGA

Denne hausten blir det gjennomført **Skulestartgudsteneste 6 års fase** i Vik kyrkje 21. august kl.

11.00 for dei borna som høyrer til Vangsnes, Vik og Arnafjord sokn.

I Feios kyrkje blir denne gudstenesta 21. august kl. 16.00.

4 års fase er sett opp 18. september Vangsnes kyrkje, 23.oktober Vik og Feios kyrkje.

Tårnagentar

Det er fleire år sidan vi har fått gjennomført denne fasa, men vi ser fram til å invitere kyrkje-lydane til **Tårnagentgudsteneste i Feios kyrkje** 25. september kl. 11.00 og **Vik kyrkje** same dag kl. 15.00.

Døypte:

Fresvik kyrkje

14.04.22. Henry Hauglum

19.06.22. Tora Lien Bardølsgård

Vik kyrkje

12.06.22. Helena Nilssen-Tenold

03.07.22. Konrad Målsnes Helle

03.07.22. Astrid Sjømæling

03.07.22. Julian Vikdal

Hopperstad stavkyrkje

23.06.22. Styrk Finne Øhlén

Hove steinkyrkje

06.07.22. Signe Tenold Asperanden

13.07.22. Maria Hove

Døde:

Vik

16.03.22. Sunniva Lilleøren (f. Sylvarnes) f. 1921

25.04.22. Gunnhild Midlang (f. Grønsberg) f. 1925

12.06.22. Reidun Betsy Stadheim (f. Hop) f. 1941

19.06.22. Borghild Årestrup (f. Refsdal) f. 1930

22.06.22. Anna Ingebjørg Ulvund f. 1940

05.07.22. Ruth Refsdal (f. Nese) f. 1940

Vangsnes

26.04.22. Johannes Vangsnes f. 1933

28.04.22. Borgny Øksdal (f. Raunholm) f. 1929

Arnafjord

22.04.22. Brita Balevik (f. Nese) f. 1923

Minnegåver:

Hjarteleg takk for minnegåver til Vangsnes kyrkje ved **Johannes Vangsnes** si gravferd!
Familie og Vangsnes sokneråd

Uigsel:

Vik kyrkje

14.05.22. Ann-Iren Nummedal og Stein Arne Ekremsæter

Vangsnes kyrkje

28.05.22. Mari Berdal Djupvik og Einar Holte Bråthen

Fridtjovparken, Vangsnes

25.06.22. Anne Kari Hommedal og Stein Bjarte Een

Feios kyrkje

18.06.22. Polly Faith Evans og William James McGinn

Hjarteleg takk for minnegåver til Arnafjord kyrkje ved **Brita Balevik f. Nese** si gravferd!
Familie og Arnafjord sokneråd

NAMN OG NUMMER

VIK KYRKJEKONTOR: 479 77 806 **E-POST:** KYRKJELEG.FELLESRAAD@VIK.KOMMUNE.NO

KYRKJELEG TILSETTE: Kyrkjeverje Marit Johanne Andersen	TELEFONAR kontor 479 77 806 mobil 906 86 227	KONTORTID mandag, tysdag og annakvar onsdag kl. 10.00–15.00
epost: marit.johanne.andersen@vik.kommune.no		

Sokneprest i Vik, Vangsnes og Arnafjord Karen Helene Bøhn Melhus e-post: karen.helene.bohn.melhus@vik.kommune.no	tlf. 468 89 980
---	-----------------

Prostiprest Feios og Fresvik Rasmus Bolstad Rustad e-post: rasmus.clemens.bolstad.rustad@vik.kommune.no	tlf. 977 38 134
--	-----------------

Kyrkjelydspedagog – vakant stilling Tove Sortevik Geithus vikar	tlf. 908 09 113
---	-----------------

Kyrkjelydssekretær Kirsti Jelle Hopperstad epost: kirsti.jelle.hopperstad@vik.kommune.no	tlf. 911 01 653
---	-----------------

Leiande kyrkjetenar i alle kyrkjene Nils Kvamme	tlf. 957 30 615
---	-----------------

Kyrkjetenar i Vik og Vangsnes Jonathan Nahayo	tlf. 941 71 504
---	-----------------

Kyrkjetenar i Arnafjord	
--------------------------------	--

Kyrkjetenar i Feios Britt Inger Rinde Eikeland	tlf. 908 39 156
--	-----------------

Kyrkjetenar i Fresvik Henk van Nierop	tlf. 918 70 581
---	-----------------

Organist Dora David e-post: dora.david@vik.kommune.no	tlf. 975 23 903
--	-----------------

Når alle er ute i oppdrag, kan resepsjonen på Kommunehuset formidla kontakt

ANDRE TELEFONAR		
Soknerådsleiar Vik:	Reidunn Bolstad,	tlf. 905 33 581
Soknerådsleiar Arnafjord:	Ola Engum,	tlf. 975 34 827
Soknerådsleiar Vangsnes:	Erlend Hanekam,	tlf. 416 34 981
Soknerådsleiar Feios:	Monica Feidje Midlang,	tlf. 951 72 583
Soknerådsleiar Fresvik:	Marianne Bøthun,	tlf. 938 46 851

VIK KYRKJELEGE FELLESRÅD: Leiar: Leif Eikeland	tlf. 908 68 520
--	-----------------

Utleige Kyrkjestova: Sylvi Nummedal	tlf. 469 28 613
---	-----------------

Nummedal Gravferdsbyrå v/ Arnfinn Nummedal	tlf. 918 85 770
---	-----------------

VELKOMMEN TIL KYRKJE

7.aug, 9.s.i treeining Luk 6,36-42	kl.11.00	Vik kyrkje Gudsteneste v/ Nora Baartvedt. Dåp. Takkoffer.
--	-----------------	--

14.aug, 10.s.i treeining Mark 111,25-26	kl.11.00	Vangsnes kyrkje Gudsteneste v/ Karen Melhus. Takkoffer.
---	-----------------	--

	kl.16.00	Arnafjord kyrkje Gudsteneste v/ Karen Melhus. Takkoffer.
--	-----------------	---

21.aug, 11.s.treeiniing Joh 8,31-36	kl.11.00	Vik kyrkje Gudsteneste v/ Karen Melhus. Dåp. Takkoffer. 6års fase
---	-----------------	--

	kl.16.00	Feios kyrkje Gudsteneste v/ Karen Melhus. Takkoffer. 6års fase
--	-----------------	---

28.aug, 12s.i treeining Joh 4,27-30,39-43	kl.11.00	Sveastemne, Fresvik Gudsteneste v/ Karen Melhus. Takkoffer.
---	-----------------	--

11.sept, Vingårdssøndag Matt 19,27-30	kl.11.00	Vik kyrkje Gudsteneste v/ Karen Melhus. Takkoffer. Konfirmantpresentasjon. 50års konfirmentar
---	-----------------	---

	kl.16.00	Arnafjord kyrkje Gudsteneste v/ Karen Melhus. Takkoffer.
--	-----------------	---

18.sept, 15.s.i treeining Joh 15,9-12	kl.11.00	Vangsnes kyrkje Hausttakkefest v/ Karen Melhus. Takkoffer. Konfirmantpresentasjon. 4års fase.
---	-----------------	---

	kl. ??	Fresvik kyrkje Gudsteneste. Takkoffer.
--	---------------	--

25.sept, 16.s.i treeining Matt 11,16-19	kl.11.00	Feios kyrkje Gudsteneste v/ Karen Melhus. Konfirmantpresentasjon. Tårnagentar. Takkoffer.
---	-----------------	---

	kl.15.00	Vik kyrkje Gudsteneste v/ Karen Melhus. Tårnagentar. Takkoffer.
--	-----------------	--

16.okt, 19.s.i treeining Luk 9,57-62	kl.11.00	Arnafjord kyrkje Gudsteneste v/ Karen Melhus. Takkoffer.
--	-----------------	---

INFORMASJON

UTGJEVAR	Sokneråda i Arnafjord, Feios, Fresvik, Vangsnes og Vik
TRYKK	Printfarm AS
BLADSTYRAR	Kirsti Jelle Hopperstad
KASSERAR	Sylvi Nummedal
BLADPENGAR	Kr. 150,- pr. år. Utanbygds kr. 200.-
BANKGIRONR	38003011558

VELKOMEN TIL KYRKJE

16.okt, 19.s.i treeining Luk 9,57-62	kl.18.00	Vik kyrkje Strikkegudsteneste v/ Karen Melhus. Takkoffer.
23.okt, 20.s.i treeining Matt 18,1-11	kl.11.00	Vik kyrkje Hausttakkefest v/ Karen Melhus. Takkoffer. 4års fase.
	kl.16.00	Feios kyrkje Hausttakkefest v/ Karen Melhus. Takkoffer. 4års fase.
6.nov, Helgemesse Luk 6,20-2	kl.11.00	Fresvik kyrkje Minnegudsteneste v/ Rasmus Bolstad Rustad
	kl.16.00	Vik kyrkje Minnegudsteneste v/ Karen Melhus
13.nov, 23.s.i treeining Matt 24,35-44	kl.11.00	Arnafjord kyrkje Gudsteneste v/ Karen Melhus. Takkoffer.
	kl.16.00	Vangsnes kyrkje Minnegudsteneste v/ Karen Melhus
27.nov, 1.s.i advent Matt 21,1-11	kl.17.00	Feios kyrkje Lysmesse v/ Karen Melhus. Takkoffer.
	kl.19.00	Fresvik kyrkje Lysmesse v/ Karen Melhus. Takkoffer.

Vi tek atterhald om endringar, sjå annonsering på plakat, avis, Facebook og heimesida.

Heimesida: www.vik.kyrkja.no

Facebook: [Kyrkjene i Vik](#)

KYRKJESKYSS

Vik:	Ring Vik kyrkjekontor 911 01 653 (innan fredag før gudstenesta)
Vangsnes:	Ring leiar Erlend Hanekam 416 34 981
Feios:	Ring leiar Monica Feidje Midlang 951 72 583
Fresvik:	Ring Marianne Bøthun 938 46 851
Arnafjord:	Ring leiar Ola Engum 975 34 827